

Sjøtroll har fått kompetansepris

28.09.2007

Sjøtroll Havbruk AS, som har hovudkvarteret sitt i Bekkjarvik i Austevoll, har fått matbransjens kompetansepris for 2007 fordi den er ei mønsterbedrift innan opplæring

Sjøtroll har 25 matfisk-konsesjonar i Hordaland og har mellom anna eit anlegg utanfor Skorpo i Uskedalen. Selskapet eig også Mauranger Laks i Sunndal.

Juryen seier at Sjøtroll har ein langsiktig plan for mottak av lærlingar og god fagleg oppfølging av desse. Bedrifta er også ein pådrivar for at dei tilsette skal ta fagbrev.